

KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

NR. 1 - MARS - APRIL 2023

28. ÅRGANG




Foto Tormod Lien

God Påske!

Den tomme grava

Av Arvid Håkon Moe



Arvid Håkon Moe.

Alle fire evangelistane i det Nye Testamentet skriv om hendingane dei tre fire dagane frå torsdag til søndag denne påska.

Les gjerne Matt. kap. 28, Mark. kap. 16, Luk. 24,1-12 og Joh. 20,1-11.

Desse påsketekstene i Bibelen er dei mest sentrale for den kristne trua. Her møter vi det store dramaet der Gud ryddar vegen til

frelse for oss menneske gjennom offerlammet, Jesus Kristus. Og vi ser kor hans vene vekslar mellom tvil og tru. Akkurat som i dag.

Vi møter lærersveinane i både fortviling og håp, og vi kjenner oss att i dei. Ikkje alltid så frimodige og sterke i trua vi heller. Oftast er vi forsiktige i kvardagen og ikkje så tydelege i sosiale samanhengar. Kanskje meir som stakkars Peter som ikkje vedkjende seg venskapet med Herren då han fekk spørsmål om han var ein av dei.

Herren, som dei hadde opplevd så mykje underleg saman med, vart fanga, plaga og pint, og til slutt korsfesta og gravlagt. Alt medan dei nærmaste venene stod på avstand, slegne av skrekk, og såg sin Herre og Meister la seg spotte og piske utan å ta igjen - som eit offerlam. Alt verkar heilt over og forbi. Skuffa, redde og med ein veksande tvil, gøymer dei seg bort. Deira Herre og Meister er død. Er alt dei har opplevd med Jesus dei siste tre åra utan verdi?

Det er fullbrakt!

Langfredags kveld blir Jesus teken ned av korset og lagt i ei ledig grav like ved.

I mørket tidleg søndag morgen går nokre av kvinnene til grava. Dei vil stelle liket slik skikken var, og dei har med seg

På framsida

av bladet ser vi eit måleri fra Vågstranda bedehus. Biletet er signert av Peson. Johan Alfred Pettersen (1887-1952) var ein finsk kunstmålar som brukte kunstnarnamnet Jonas Peson. Han kom til Møre og Romsdal i 1916, og budde og arbeidde her resten av livet.


olje. Då dei kjem fram, ser dei med undring at grava er tom og berre likkleda ligg att. Dei fortel det til lærersveinane, og Johannes og Peter spring til grava for å sjå om kvinnene snakkar sant. Johannes er raskare og kjem fram først. Han ventar på Peter som går først inn.

Grava er tom! Karane blir livredde.

Dei rømmer frå grava i redsle og vågar ikkje fortelje til nokon kva dei har opplevd, men den tomme grava gjev dei nytt håp. Var det likevel slik han hadde sagt, -at han skulle stå opp att? Tvilen er der, men dei kjenner også ein gnist av håp.

Tekstene vidare fortel oss kor Herren møter venene. Dei ser og trur. Nokre av dei må til og med både sjå og kjenne på han. Og dei møter sin Herre og Meister på underleg vis. Uventa bak stengde dører, på stranda og på vandring. Brått er Han der midt mellom dei - og oss. Vegen til Gud er åpen.

No fram mot ei ny påske, passar det med ei vandring saman med Peter og Johannes for å oppleve den tomme grava.



Måleri av Peson frå Vågstranda bedehus.

- Vågstranda Menighets-hus ut for sal

Av Tormod Lien

Leiar i styret, Kora Kjølseth, seier at sal no var den einaste løysinga. Årsmøtet var samde i at det ikkje finst nokon bekräftig måte å drive huset vidare på. Vedlikehaldskostnadane blir altfor store, og driftsutgiftene blir berre større og større. Vi ser det slik at ein epoke er over. No blir det seld gamle bedehus over heile landet

seier Kora Kjølseth, som har brukt det tidlegare bedehuset ei årrekke.



Kora Kjølseth, leiar i Vågstranda Menighets-hus. Foto: Tormod Lien

Madagaskar – misjonsprosjektet til Fiksdal kyrkjelyd

Av Nils-Berge Sundfør

Kyrkjelyden i Fiksdal sokn har i september 2022 inngått ny misjonsavtale med Det norske Misjonsselskap og skal i 3 år framover støtte arbeidet på Madagaskar.



Madagaskar har om lag 27 millionar innbyggjarar. Styresettet er republikk. Landet har 52 % kristne, 41 % tradisjonelle religiolar og 7 % muslimar. Ca. 80 % er sysselsett innan

landbruk, skogbruk eller fiskeindustri. Landet er rikt på naturressursar, men innbyggjarane er blant verdas fattigaste. Ein av tre er analfabetar og 65 % av borna går på skule. Halvparten av borna under fem år er underernærte.



Madagaskar


Kyrkjelyden tek ansvar for å:

- Be for arbeidet
- Hente inn og vidareformidle informasjon slik at kyrkjelyden får eigarskap til arbeidet
- Gje til arbeidet og på ulike måtar skape engasjement for å bidra til å nå eigne innsamlingsmål. 2 ofringar i året + juledagsofring
- Oppfordra til personleg gjevarteneste knytt til kyrkjelyden sin misjonsavtale
- Integrere misjon i heile kyrkjelyden sitt liv

Dette er kyrkjelyden med på:

- Teologisk utdanning og bibelskular, som er viktig i ei kyrkje i sterk vekst

- Opplæring og kompetanseheving innan leiing, økonomi og antikorruptionsarbeid, som er nødvendig, ikkje minst for at kyrkja skal bli stadig meir sjølvstendig
- Skular for syns- og høyrselshemma, fordi mindre enn ein prosent av syns- og høyrselshemma får ei form for utdanning. Det vert også arbeidd med å inkludera desse borna og ungdomane i ordinære skular
- Yrkesopplæring på to landbruksskular som har fokus på klima og miljø
- Arbeid etter *Use Your Talents*-metoden har blitt eit viktig verktøy i kyrkja sitt arbeid. I staden for å definera behov, spør ein kva ressursar ein har i kyrkjelyden
- I byen Antsirabe støtter vi kyrkja sitt arbeid blant dei aller fattigaste gjennom ungdomssenter, alfabetiseringskurs, matutdeling og yrkesopplæring
- Kultur- og kompetansesenteret Lovasoa. Dette kultur- og kompetansesenteret i Antsirabe er etablert på området til den gamle norske skulen. Namnet Lovasoa betyr den gode arven. Lovasoa er også eit senter for lokal kompetanseutvikling og legg til rette for samarbeid mellom institusjonar i Norge og på Madagaskar.



Har du vore i alle 5 kyrkjene i Vestnes?

Fra nyttår 2021 var Vestnes kommune så heldig å få Vågstranda sokn innlemma i kommunen slik at det no er 5 sokn her. (Vågstranda, Vike, Tresfjord, Vestnes og Fiksdal) I det høvet blei det slik at gudstenestefrekvensen i kvart sokn gjekk ned. Likevel er det gudstenste ein eller annan plass i kommunen kvar søndag. Har du vore i dei andre kyrkjene enn der du hører til? Hadde det ikkje vore fint å høre og sjå korleis dei har det i dei andre kyrkjelydane når det ikkje er gudsteneste i den kyrkja du vanlegvis besøker? Fleire kan kanskje finne på å reise i lag til ei av kyrkjene eller ha som mål å ha vore innom alle i løpet av eit visst tidsrom. Velkommen til gudsteneste kvar søndag.

Håvard Skrede

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Asbjørn Gisnås,
Nils-Berge Sundfør, Tormod Lien og Reidun Blø
Adresse: Kyrkjekontoret, Myra 3, 6390 Vestnes

*

Kontonummer: 4056.20.62124

Kyrkjebladet har Vipps.

Vippsnummeret er: 511986

Det er mogleg å bestille bladet
for dei som bur utanfor kommunen.

Folk frå Ukraina deltok på tidenes nyårsfest

Tekst og foto: Tormod Lien

Den tradisjonelle nyårsfesten i Vike kyrkje fekk i år ei vellykka andletsløfting. Etter initiativ frå sokneprest John Sylte og diakon Ellen Edvardsen, vart årets fest eit samarbeid med våre flyktningar frå Ukraina og sokneråda i Vestnes, Tresfjord og Vike.



Det var sterkt både for dei og oss, når 20 vaksne frå Ukraina song julesongar på sitt eige språk.

Ei fullsett kyrkje vitna om at dette vart ein suksess. Både ukrainarane og dyktige kakebakarar i sokneråda hadde sørget for rikeleg med mat til alle. Det vart ikkje kulturveksling berre med mat, men også musikk, gledesdans og rollespel.

Stemninga gjekk rett til topps, og kroppsrytmane fekk ei utfordring då ei gruppe frå Ukraina spontant stilte med swingande trekkspelamusikk og gladSong. Lokalfolkinga klappa med.



Trusopplærar Ingvild Venås Sanches og tolk Olha Lyakhovyn, saman med ungdomane som tolka juleevangeliet i rollespel.

Det vart gang rundt juletreet, ukrainske og norske julesongar. Vår eigen lokale trekkspelar, Halvor Sporsheim, gjorde som vanleg ein god jobb. John Sylte heldt ei kort andakt.

I rollespelet som handla om juleevangeliet, var både



Her begynner to lokale damer å forsyne seg frå eine enden.

norske og ukrainske med, under leiing av Ingvild Venås Sanches. Ukrainske Olha Lyakhovyn, busett på Vike, var tolk både her og elles gjennom heile festen.

- Mange av ukrainarane her er ortodokse kristne, og dei ga tidleg uttrykk til oss at dei ville vite kva vi som kyrkje hadde å bidra med. Dermed begynte ballen å rulle. Å bli med på ein slik fest er unekteleg ein rar og vemodig situasjon for dei, seier den engasjerte soknepresten.

Emil Balstad, leiar i Vike sokneråd, syntes at samarbeidet har fungert godt, sjølv om ikkje alle sokneråda vart med. Nina Kvernmo takka spesielt Vike for samarbeidet, som resulterte til tidenes nyårsfest med meir enn 100 deltakarar, der over halvparten kom frå Ukraina.



Tre sentrale personar på festen: John Sylte, Olha Lyakhovyn og Emil Balstad.

Min påskesalme

Av Olha Lyakhovyn

Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid;
Den har oss givet lyset og livet,
lyset og livet i dagning blid.
Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid.

Redningsmannen er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!
Helvede vredes, himmelen gledes,
himmelen gledes med lovsang ny.
Redningsmannen er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!

Sangen toner. vår Forsoner,
vår Forsoner til evig pris;
Han ville bløde for oss å møte,
for oss å møte i Paradis.
Sangen toner. vår Forsoner,
vår Forsoner til evig pris.
(N.F.S. Grundtvig, 1843)

Jeg er opprinnelig fra Ukraina, og for et gresk ortodoks sognebarn er Påsken en av de viktigste høytidene i året. Det er 18 år siden jeg flyttet til Norge. I første omgang tenkte jeg å bli kjent med norsk kultur og tradisjoner, men jeg ble boende her og har stiftet familie på Vikebukt og bodd der siden. Jeg er utdannet økonom med mastergrad i skatte- og avgiftsrett, og trives godt med job-

ben min i et regnskapsbyrå. Feiring av Påsken og tradisjoner her er mye annerledes enn i Ukraina, der noen av de typiske påsketradisjonene er maling av påskeegg med hele familien, baking av påskebrød, nedvask av hus. Skjærtorsdag og langfredag er arbeidsdager i Ukraina, men for de fleste er det likevel hellige dager som fritar for husarbeid og lignende.

For meg betyr Påske mye, fordi den gir oss lys og håp og tro på at morgendagen vil bringe glede. Kristus sin lidelse, død og oppstandelse brakte ham til sin far og evig liv i paradis. Det paradiset hvor ingen lider og alle har det godt. Denne påskesalmen assosieres med både liv og død, der Jesus Kristus ofret livet sitt for oss, for at vi kunne møtes i paradis til det evige liv. Han er vår redningsmann og vår forsoner. Det gode seirer alltid over det onde. I påskesalmen nevnes det at helvete vredes og himmelen gledes. Vi kan se at i livet vårt er det mange likhetstrekk, mennesker sørger over andre og håper å møtes igjen i paradiset. I dag kjemper hele nasjonen mot ondskapen i Ukraina. Mange liv er allerede tapt, mange ukrainere ofret sine barn slik som Gud. Livet med frykt, daglige flyalarmer, stopper ikke mennesker fra å ha planer for fremtiden, føde barn, gå på jobb og i kirke og be for fred og tilgivelse. Ukrainere forbereder seg til Påske med håp og tro på at krigen snart tar slutt.



Biskopen løyste prestefloken

Tekst og foto: Tormod Lien

Sist jul vart det på grunn av prestemangel vanskeleg at alle fekk gudsteneste julaftan. Biskop Ingeborg Midttømme visste råd. Ho tok sjølv på seg rolla som preste-vikar i Vågstranda kyrkje. Dermed var floken løyst.

Vår biskop som er kjent for å vere på tilbodssida, kom ikkje over fjorden åleine. Tre vaksne barn og to barnebarn fekk oppleve mor og bestemor i kyrkja på Vågstranda for første gong.

- Vi bør ikkje ha stengte dører på julaftan, sa den blide biskopen som fort fant seg til rette i kyrkja. Ho deltok også i Vågstranda kyrkje for to år sidan under 150-årsjubileet.

Gud vil møte oss der vi er.

Den eine sonen, Fredrik Midttømme som er prest i Sandvika, hjelpte si mor, biskopen, med å rette på dei flotte kleda ho hadde på seg. Den blide biskopen tok imot sin familie på fremste benk, og ho fekk helse på dei andre hundre festkledde som var i kyrkja.

- Den første delen i Bibelen, handlar mykje om korleis menneska leitar etter Gud. Gud sender profetar som fortel at ein dag

skal det bli endring, var noko av det biskopen sa i si preike, før ho understreka at Gud vil møte oss der vi er.

- Vi har minner frå generasjonar før oss. Forventingane ligg framføre oss. Trua står så sterkt at eg ser positivt på kyrkja si framtid, var noko av det biskopen sa før ho saman med sitt følge reiste over fjorden til Molde att.



Fredrik Midttømme, som er son til biskopen, måtte hjelpe litt til med kleda.

Vellykka haustfest på Kyrkjestova

Av Tormod Lien

Over 100 vaksne hadde teke vegen til Kyrkjestova i Tresfjord, siste søndagen i oktober. Vår godaste kantor Jostein Maude trakterte både instrument og taktstokken, då han saman med Lars Josteins band serverte den eine musikalske perla etter den andre.

Musikalske krefter elles var Tomrefjord songlag, Fiksdal mannskor, Britt Elise Skram på fiolin, Sven Bernt Ellingseter på saksofon og ikkje minst, Jostein Maude på piano.

Leiar i Tresfjord soknerråd, Ellen Andreassen, leia festen og fekk alle til å kose seg. Overskotet etter sal av to omgangar med årar gjekk til fjarårets TV-aksjon, Legar utan grenser.

Ord til ettertanke på heimvegen

Med kantor Maude i godt lag blir det ikkje berre allsong og full trøkk, men også eit rikhaldig kakebord. Tydeleg at dugnaden lever framleis. Jostein Maude som tok initiativ til festen, fekk også denne gong med seg ein allsidig gjeng med song- og musikkvener.

Pensjonert sokneprest, Signe Hellevik, delte vakre ord til ettertanke på heimvegen, som ho som vanleg formidla på ein lun og omsorgsfull måte.

Ellen Andreassen fortel at ho har fått berre positive tilbakemeldingar etter den vellykka haustfesten. Ho erkjenner at slike tilbakemeldingar varmar, spesielt når alt er basert på dugnad. Ikkje hadde ho turt å håpe på at så mange fann vegen heller.



Vellykka fest og fullt hus på Kyrkjestova.

Foto: Atle Astrup.



Berre menn med Fiksdal mannskor og Jostein Maude bak pianoet. Foto: Nils-Berge Sundfør.

Mannskoret Sunnmøre gjestar Vestnes kyrkje søndag 16. april kl 12.00

Mannskoret Sunnmøre vart starta våren 2018 av songaren Magne Fremmerlid. Planen for koret var at det skulle samlast annakvart år, men på grunn av pandemien er dette berre andre samlinga til koret. Koret skal også ha konsertar i Spjelkavik kyrkje og Herøy kyrkje denne helga.

Fremmerlid som er dirigent og solist i koret var sjølv med i SKRUK og i SKRIM (Sunnmøre Kristelege Mannskor) i sin ungdom og opplevde mellom anna Johan H Grimstad som dirigent og inspirator. Mykje av repertoaret er nettopp komponert av Johan H Grimstad.

Koret syng ikkje berre dei gamle tradisjonsrike songane, men har også knytt til seg komponisten og pianisten Odd Johan Overøye. Han vert med som akkompagnatør og fleire av hans songar stend på repertoaret.

Koret har ca 70 songarar i alderen frå 20 til 92 år. Mange av dei har lang fartstid i både SKRUK og SKRIM. Koret er også heldige å ha fleire romsdalingar i sine rekker.

Ikkje mindre enn 12 songglade prestar var med i koret på fyrste samlinga i 2018, og med 17 førstetenorar og 22 andre bassar på ytterstemmene lovar vi ei sterk og gripande oppleving.

VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope mandag - torsdag kl. 08.30-15.00

John Sylte, sokneprest

Telefon 45502815 (jobb) / 91865064 (privat)

E-post: john.sylte@vestnes.kommune.no

Reidun Blo, kontorsekretær

Telefon: 94162548 (jobb)

E-post: reidun.blo@vestnes.kommune.no

Olav Egil Tomren, kyrkjeverje

Telefon: 94169153 (jobb) / 91629416 (privat)

E-post: olav.tomren@vestnes.kommune.no

Ellen Schiøtt, sokneprest

Telefon: 92046870 (jobb) / 92046814 (privat)

E-post: ellen.schiott@vestnes.kommune.no

Ellen Edvardsen, diakon

Telefon: 94160429 (jobb) / 97499175 (privat)

E-post: ellen.edvardsen@vestnes.kommune.no

Ingvild Venås Sánchez, trusoplærar

Telefon: 94142364 (jobb) / 41472908 (privat)

E-post: ingvild.venaas@vestnes.kommune.no

Jostein Maude, kantor: Telefon: 92226151

E-post: jostein-maude@hotmail.com

Andrew Lange, kyrkjetenar: Telefon: 40548156

Nina Kvernmo, konfirmantlærar

Telefon: 95231698, E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:

www.vestnes.kyrkja.no

Temakveld i Vestnes kyrkje: Stillheit og retreat

Tekst og bilete: Nils-Berge Sundfør

Då ein av vinterstormane slo til på kysten av Møre og Romsdal ein onsdag i februar, arrangerte Undervisningsutvalet i Vestnes temakveld: «Stillheit og retreat» med undertittel: «-i eit uroleg hjarte og ei uroleg tid».



Sokneprest Arnt Sigurd Sollie vart ynskja velkommen av Jorunn Brekke Fjeldheim, og fekk så ordet medan stormen ute merkast godt for oss som hadde møtt fram i kyrkja denne kvelden.

Arnt Sigurd Sollie er no seniorprest og sokneprest i Sjøholt, men har sidan midten av 80-talet vore oppteken av stillheit- og retreatarbeid. Som misjonær reiste han til Japan der han fekk info om kva retreat kunne vera. I Japan møtte han forfattar og forkynnar Edin Løvås og vart med på ein dags retreat.

- Dette forandra livet mitt. Det var rart eg ikkje hadde oppdagat dette før. I Markus 6 står det at Jesus drog til ein aud stad for å kvile seg litt, og det er litt av essensen i retreatkonseptet. Retreat er å kome frå ein kvardag til eit sentrum, inn til Jesus som sentrum i retreaten. Vi går inn i stillheit, og det kjennes på kroppen. Vi skrur av alle media, mobil, TV, aviser for å vera i oss sjølve. Å vera stille, er ei øving. Det kostar å koma frå støy til

stillheit. Å ta vare på stillheita er å ta vare på kvarandre.

I området vårt her har vi Stiftelsen Åkerlehaugen på Skåla som det nærmeste senteret. Lia Gard i Koppang i Østerdalen, Thomasgården ved Kornsjø i Østfold og Sandom retreatsenter i Lom er dei mest kjende sentra i Noreg.

Under samtalet etterpå kom Arnt Sigurd også med dette tipset:

- Heime kan ein finna ein fast stad og tid der ein har fokus på å vera saman med Jesus. Tida ein set av kan vera 5 minutt eller 50 minutt. Men start i det små.

Undervisningsutvalet i Vestnes som består av Jorunn Brekke Fjeldheim, Jorunn Norheim Eriksen og Ingvar Gjelsten Eidsvik, har hatt nokre temakveldar gjennom året. I jubileumsåret handla det eine temaet om Hans Nilsen Hauge og det andre om «Verdast viktigaste bok. Bibelen på 60 minutt». 19. april vil vi få høre om «Kystpilgrimsleia».

Har de som les Kyrkjebladet tema de gjerne kunne tenkt å høre meir om, så ta kontakt med undervisningsutvalet.



Undervisningsutvalet v/Jorunn Norheim Eriksen og Jorunn Brekke Fjeldheim takkar sokneprest Arnt Sigurd Sollie.

Sunnmøre kristelege mannskor kjem til Fiksdal

Sunnmøre kristelege mannskor vart starta i 1932, og hadde sitt utspring i det som då heitte Sunnmøre krins av KFUK/KFUM. Koret har ikkje noko fast tilknyting til organisasjonen, men har i all si tid samla inn pengar til ungdomsarbeidet, særleg på Sunnmøre, men no er krinsen utvida til å gjelde heile Møre og Romsdal.

Sunnmøre kristelege mannskor samlast to gonger i året. Ein gong i påska, der vi turnerer på Skjærtorsdag og Langfredag, og ei helg om hausten.

I år skal vi halde oss i den nordre delen av Sunnmøre, og då er det ikkje lange vegen over Nakkedalen og til Fiksdal. Der vart vi inviterte til det flunkande nye kyrkjelydshuset.

Der skal vi halde det som vi kallar eit songmøte kl. 1600 skjærtorsdag den 6. april. Det gler vi oss til. For tre år sidan hadde vi og lagt turen til Fiksdal, men den vart avlyst grunna koronaen. Såleis er det gjævt for oss no å kunne ta opp att tråden vi måtte legge ned i 2020.



Her er koret på tur i Sunnfjord, nærmere bestemt i Eikefjord.

Fiksdal Kyrkjelydshus

Av Ivar Magne Bergheim

Søndag 12. mars 2023 vil bli hugsa av mange som ein stor dag for Kyrkjelydshuset i Fiksdal. Endleg er opningsfesten ein realitet. Etter mange års arbeid kan storsalen takast i bruk.



Storsalen.

Historikk

Det hadde i lengre tid til vore arbeidd med planar om å renovere det gamle bedehuset i Fiksdal. Dette huset er brakker som vart brukt etter brannen i Ålesund i 1904, og som har vore påbygd og flikka på opp gjennom åra. Men etter ei tid vart konklusjonen at det var både kostbart og vanskeleg å få til gode løysingar med lett tilkomst og gode fasilitetar.

I 1989 fekk kommunen tilbod om kjøp av eit jordstykke frå naboeigedomen nord for kyrkja. På synfaring i mars same året gjekk dei inn for kjøp av dette området til bruk for utviding av kyrkjegården, og samstundes støtte til forslaget om å gje plass til eit kyrkjelydshus.

Den 1. april 1990 vart det på kyrkjelydens årsmøte valt ein komité som skulle arbeide med planane om å bygge eit kyrkjelydshus i Fiksdal. Komitéen bestod av representantar frå dei kristne lutherske organisasjonane, Misjonskirken Norge og Den Norske kyrkja ved soknerådet i Fiksdal sokn. Etter kvart vart dette ein stiftelse; Stiftelsen Felles bede-/kyrkjelydshus i Fiksdal sokn. Litt seinare vart planane også lagt fram på eit bygdemøte i Fiksdal.

Rydding av tomta vart starta i 2002, graving og drenering i 2006. I 2007 vart tomta skilt ut og i 2008 var grunnarbeidet med huset for alvor i gang. To år seinare, den 24. januar 2010, var det innviingsfest for underetasjen med tilhøyrande sal. Det var då lagt provisorisk tak slik at ein kunne ta bygget i bruk.

Arbeidet med hovudetasjen vart starta i 2015, og no er altså storsalen saman med hall og toalett ferdig, og opningsfesten ein realitet!

Gjennom desse åra har det vore ein fantastisk dugnadsinnsats, med tusenvis av arbeidstimar.

Alle støttespelarar har vore avgjerande for å kunne realisere

prosjektet. Arkitekt, entreprenørar, handverkarar, bank, sponsoar, gåvemidlar frå bank og forsikring, kommunen, faste gjevarar, private gåver samt tre store årlege arrangement har gjort at prosjektet har blitt ein realitet.

Mange aktivitetar

Det er stor aktivitet i huset, og Stiftelsen utarbeidde klare statutar og målsettingar som ligg til grunn. Det har vokse fram allsidige aktivitetar og møteformer. Vi kan nemne Laurdagssklubben for barn, misjonsmøter, julefestar, konfirmantarbeid, konsertar, strikkecafé og kulturveldar. I tillegg er det ein god del utleige til mellom anna minnesamvær, dåpfest, konfirmasjonsselskap, jubileum, bursdagsfeiringar og komitémøter.

Laurdagssklubben

I 2007 vart Laurdagssklubben stifta på Fiksdal Bedehus. Det er eit samarbeid med Søndagsskolen Norge og Indremisjonsforbundet. Da underetasjen på Kyrkjelydshuset var ferdig i 2010, flytta klubben, saman med dei andre aktivitetane på bedehuset, dit. Sidan har dei hatt møte annakvar laurdag vår og haust. Det har vore god oppslutning, og her kjem barn og vaksne i



Her blir skattekista på Laurdagssklubben opna.



Tema for andakten på Laurdagssklubben er » Sauen som vart borte.»

alle aldrar. Hovudinhaldet på møta er formidlinga av bibelforteljingar, der Sprell Levende-opplegget frå Søndagsskolen blir brukt. Elles er det praktiske aktivitetar som lego, teikning, brettspel og dataspel. Mat og tombola høyrer også med. Eit fint treffpunkt for heile familien laurdag føremiddag.

Misjonsmøter

Dei ulike kristne organisasjonane har sine kontaktpersonar i Fiksdal og på Rekdal, og det vert arrangert møter med jamne mellomrom. Samlinga om Guds ord gjennom tale, song, samtale og bønn er ein vesentleg del av aktivitetene på huset.

Strikkekafé

For ein del år sidan vart tanken om å starte ein strikkecaf   l  sert. Desse samlingane er sv  rt popul  re, og dei finn stad siste m  ndag i kvar m  nad. Her er det strikking eller anna handarbeid, eit godt m  ltid,   resalg og god tid til sosial omgang og prat. Samlingane vert ofte innleia med opplesing av dikt eller liknande. Det kjem deltakarar fr   fleire andre bygdelag også.

Olsokfeiring, basarar og balldag

Olsokfeiringa har vorte ein tradisjon p   huset. Her er det aktivitetar b  de ute og inne, mat- og loddsal og formidling av den historiske betydninga Olsok har hatt. Song og musikkinnslag set ein spiss p   det heile. Balldag og basar er viktige inntektskjelder, noko som er vesentleg for   kunne forsvare utgifter til ein kvar tid. Vi ser også heilt klart at det er viktig i ei lita bygd    ta vare p   det sosiale. Eit godt m  ltid, ein god prat og felles opplevingar kan styrke samhald og fellesskap.



Balldag mars 2022, F.v: Sara Seljeflot, Solfrid Lindland, Monica Bergheim, Kari Nakken, Palma Kjerstad, Gunnar Kj  rstad

Konsertar

Sj  lv om salen i underetasjen ikkje er så godt eigna for konsertar, har det vore arrangert fleire. Her kan vi mellom anna nemne   rskog Allspelorkester og Romsdalskameratane, som har samla mykje folk. Etter at storsalen no er ferdig, ser vi for oss auka aktivitet i ein st  rre sal og betre akustikk. Fiksdal/Rekdal Janitsjar fekk teste akustikken med ein liten sommarkonsert i juni i f  r, og i september var det fest for flygelet som vi fekk

overta fr   Sunnm  rsposten sine gamle lokale. Den 5. februar i år samla   rskog Allspelorkester rundt 90 personar i den nye salen. Det kan også nemnast at Skj  rtorsdag vil etter planen Sunnm  re Kristelege Mannskor kome og halde konsert.

Visjonar

Ingen veit korleis framtida blir. Likevel må vi alltid sj   framover med tanke p   komande generasjonar. Huset har eit klart førem  l. Dette finn vi i statuttane, men ein kan også sj   det utforma i bygget, der vindauge i endeveggen har form som ein kross, og eit trekanta vindauge i toppen. Vi h  per mange vil bruke huset, b  de i sorg og i glede, og at mange kan finne seg til rette i ein eller annan samanheng. Enno st  r det att    ferdigstille kj  kken, grupperom og ventilasjonsanlegg. Vi h  per derfor at mange framleis har h  ve til    vere medspelarar som kan hjelpe til med det siste l  ftet med bygget. Vi treng også frivillige som kan vere med    bidra til at huset kan fyllast med gode aktivitetar.



Det er praktisk at huset ligg n  r kyrkja med tanke bruken.



Ser fram til kyrkjeleg konfirmasjon

Tekst og foto: Tormod Lien

Kommunen har i år 77 konfirmantar som har valt kyrkjeleg konfirmasjon. 23 av desse kjem frå Tomrefjord, fordelt i to grupper. Nina Kvernmo, John Sylte, Bernt Fylling og Ellen Schiøtt er årets konfirmasjonslærarar.

For å bli konfirmert, er ei av kriteria å delta på 8-10 undervisningstimar. Siste torsdag i januar fekk eg vere "fluge på veggen" i ein slik time, der Nina Kvernmo stod for undervisninga i Tomrefjord forsamlingshus. Fem gutar og tre jenter kom til timen direkte frå skulen.

Temaet denne gong var Dei ti boda, der Nina inkluderte gruppa på ein slik måte at alle vart aktivisert. Vidare vart dei einige i at Dei ti boda er levereglar som alle kan dra nytte av.

Å tvile, tru, eller ikkje tru

Ei av jentene syntest det var dumt å vere tenåring, fordi dei må gå på skule kvar dag. Andre meinte det var ikkje noko problem. Ein av konfirmantane sa at ho ikkje trur på Gud. Etter ein ny diskusjon, landa dei på at det er rom for både tvil, tru og det å ikkje tru, men alle er likevel velkomne til folkekyrkja.

Even og Nicolai som kanskje var dei to mest aktive i gruppa, reflekterte godt over alle val som ligg framføre dei. Val av yrke, rus og det å flytte heimafrå er berre nokre av vala som møter dei. Men kyrkjeleg konfirmasjon var eit naturleg val for dei alle.

Konfirmasjonstur til Trondheim

I tillegg til undervisningssamlingar, har konfirmantane ulike aktivitetar og turar. Dei snakkar endå om turen til Trondheim, med overnatting på Oppdal. Her kom det fram berre positive ting som dei fekk oppleve saman. Dei nemnte både bytur, pizzatur og besøk i Nidarosdomen.

- Eg tenkjer på Jesus og litt om det vi har lært med Nina, svarar ein av gutane på spørsmål om kva dei tenkjer på når dei høyrer orda kristendom eller Gud. Fleire av konfirmantane ga uttrykk for at dei ikkje har problem med å anbefale andre å velje kyrkjeleg konfirmasjon.

Alle gler seg til konfirmasjonsdagen

Så kjem praten inn på det å gå i kyrkja. Nokre meinte det er kjedeleg å vere i kyrkja for ein 15-åring, fordi det skjer det same kvar gong. Andre meinte det ikkje var så kjedeleg. Også her kom dei til ei viss einigheit, der dei meinte at kyrkja er viktig for alle

Sjølv om det vart nokre positive diskusjonar utanom temaet, rakk Nina å gå gjennom alle boda med gode refleksjonar. Ho rakk også å dra fram det essensielle frå Bibelen, Johannes 3:16, som derfor blir kalla for Den vesle Bibel: "For så elskar Gud verda at han gav son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv".

No gler alle seg til den store konfirmasjonsdagen i Vestnes

kyrkje. Her vil familiar møtast for å markere ein høgtidsdag for kvar enkelt ungdom. Nokre nemnte også at sjansane var store for at det både blir kaker og ikkje minst mange gåver.



Fra venstre Joachim Aasmo Nilsen, Marius Djupvik Roald, konfirmantlærar Nina Kvernmo, Even Madsen Furland, Aron Berg Hølgenes, Nikolai Jensen, Emma Sofie Vik Vassli, Celina Saengdee Hjelvik og Michelle Gjerde etter ein undervisningstime i Tomrefjord.

Tøffe tak å vere ungdom

Kenni Eyiram Dogbey og Erik Alexander Roald er to av konfirmantane frå Vestnes som går på skule i Tresfjord. Sokneprest John Sylte er deira konfirmasjonslærarar. Konfirmasjonen blir i Vestnes kyrkje, der 28 konfirmantar også her blir delt opp i to grupper. Eine gruppa blir konfirmert laurdag 13. mai, og andre gruppa laurdagen etter.

Kenni og Erik er to reflekterte ungdomar med klare meininger om mykje. Kenni, som bur på Furland, fortel at ho er godt førebudd på det meste. Derfor har ho ikkje noko å grue seg over til den store konfirmasjonsdagen. Ingen av dei har menyen på plass, men alt vil ordne seg.

Kenni har budd her heile sitt liv, med foreldre som begge er frå Ghana. Erik har mor som kjem frå Russland, medan far er frå Vestnes.

Mange vanskelege val

Praten er i gang, og tidleg deler dei utfordringane ved å vere tenåringar. Absolutt alt, heilt til den minste detalj må dei ta stilling til. Val av vene, kjæraste, klede, fritidsaktivitetar, framtid og til sist konfirmasjon. Dei store krava kom for fullt då dei begynte i 9. klasse.

Begge har ingen problem med å ta avstand frå ulike former for rus, sjølv om dei erkjenner at det er eit stort rusproblem blant dei unge i Vestnes.

Enkelt å velje kyrkjeleg konfirmasjon

- For meg var det heilt naturleg å velje kyrkjeleg konfirmasjon, då også resten av familien har tatt dette valet, fortel Erik.

- Det same med meg, seier Kenni, som også har ein bror som er kyrkjeleg konfirmert.

Erik meiner at han trur på Gud, sidan han av og til ber til Gud. Kenni syns det er litt vanskeleg å ta eit slikt stort val, men ho tek sjølvsgart ikkje avstand til Gud.

Kenni avslører at ho er kjærast med Nikolai, som også skal konfirmerast i år. Ho reknar med at dei begge blir bedd i kvarandre sine selskap.

Kyrkjebladet og Vestnes kyrkjelege fellesråd ønskjer alle konfirmantar til lykke med dagen.



Samtalen med konfirmantane Kenni Eyiram Dogbey og Erik Alexander Roald frå Vestnes, føregjekk på MaRitz kafeteria. Denne dagen i februar var det snø og 3 minusgrader. Konfirmasjonsdagen deira er sett til laurdag 13. mai i Vestnes kyrkje.

Konfirmantar i Vestnes kommune våren 2023

Vestnes kyrkje 6. mai

Tomrefjord-konfirmantar

Gruppe 1. 6. mai kl 10.30

Daniel Dypvik Hjelvik
Thea Malen Daugstad
Niklas Gordon Frostad
Kristiana Skjegstad
Thea Nerås Liabø
Anna Grønningssæter
Keylin Maryan Gresdal
Isak Leander Solheim-Johansen
(konfirmeres i Vestnes 13. mai)
Lilliana-Emilie Stenødegård
Ella Hestenes
Karoline Nerås Eide
Kornelia Sterten

Gruppe 2. 6. mai kl. 12.30

Aron Berg Hølgenes
Even Furland
Leonard Eiken Faksen
Marius Djupvik Roald
Michelle Gjerde
Sol Angelica Klauseth
Celina Sangdee Hjelvik
Nikolai Jensen
Emma Sofie Vik Vasseli
Florian Rademacher Krogsæter
Joachim Aasmo Nilsen

Vestnes kyrkje 13. mai kl. 11.00

Vestnes-konfirmantar

Bertine Aas

Kristoffer Aas

Nicholas Repvik Brennvik

Linnea Osdal Bruaset

Kenni Eyiram Dogbey

Markus Finsveen Hagen

Linnea Bjermeland Hjelvik

Ruben Bøe Hjelvik

Fride Andrea Domaas Hoem

Solvår Løvik Osdal

Erik Alexander Roald

Adrian Connor Sørensg

Isak Leander Solheim-Johansen,

(Tomrefjordkonf.)

Vike kyrkje 13. mai kl. 13.00

Petra Villa Krogseth
Solveig Margrethe Johansen

Vågstranda kyrkje

20. mai kl. 10.30

Emma Eikebø-Amdam
Theodor Ekroll
Michelle Hjelvik
Josefine Hoem-Schjølberg
Ciljan Pedersen Svendson
Elvar Andre Talberg

Vestnes kyrkje

20. mai kl. 11.00

Vestnes-konfirmantar

Nicoline Domaas Aas

Daniel Jarl Aas-Furland

Erika Anastasia Bøen

Nikoline Eilertsen

Nora Vik Heggdal

Simon Ødegård Kjørvik

Silvija Kunickiene

Kuluk Tina Brunsvig Larsen

Vilde Naustenget, *(konf. i anna kyrkje)*

Sebastian Robertsen

Jorun Bråten Sande

Pia Sommerset

Leah Sundsethaug, *(konf. i anna kyrkje)*

Didrik Selnes Sæter

Leah Isabella Høgseth Troøien

Tresfjord kyrkje

3. juni kl. 10.30

Julie Adelen Aas
Herman Haugland Hjelvik
Heine Rypdal Hovden
Jesper Walle Keiseraas
Markus Vestad Lyslo
Hedda Marie Løvik
Nathalie Vikås

Fiksdal kyrkje

03. juni kl. 13.00

Lars Ivar Vike Bøe
Casper Falch
Marius Vassvik Kleve
Ingvild Linea Gjelsten Løviknes
Johan Amelito Rekdal
Anja Rønnestad
Dennis Rønnestad
Bjørnar Wernberg Aas

Magne Gudvangen til minne

Av Ivar Magne Bergheim

Tidlegare sokneprest i Vestnes, Magne Gudvangen, døyde 30. desember 2022, 98 år gammal.

Han blei fødd i Vuku i Verdal. Foreldra var engasjerte i kyrkje og bedehus, og Magne var også med i kyrkjeleg ungdomsarbeid. Her modna det fram eit kall til å bli prest.

Han studerte teologi ved Menighetsfakultetet i Oslo, og i 1950 gifta han seg med Ragnhild. I 1952 blei han prostiprest i Ytre Namdal.

Prestetenesta fordelte seg på fleire stader, noko som førte med seg mange flyttingar for familien på seks. I 1957 blei han kallskapellan i Kvernes på Nordmøre, så sokneprest i Nærøy i 1963. I 1969 blei han kallskapellan i Time, og frå 1972 sokneprest i Vestnes.

Etter 6 års teneste her tok han agronomutdanning og kjøpte eit gardsbruk på Tustna på Nordmøre som han dreiv til 1987. Da kom han tilbake som sokneprest, no i Skogn. Sjølv om han blei pensjonist i 1992, tok han på seg prestoppdrag. No busette dei seg i Mosvik, før dei flytta til Ski i 2009.

Magne var min konfirmantprest då han hadde teneste i Vestnes frå 1972 til -78. Hans gode formidlingsevne gjorde at vi fikk med oss mykje i førebuingstida, og han var ein omsorgsfull person som såg kvar enkelt av oss. Det låg han på hjarte å nå inn til oss ungdommane.

Hans lune vesen og gode humor skapte både trygghet og ro. Han var nær det kvardayslege, tilgjengeleg for folk og skapte samhald i bygdelaga. Han hadde ein eigen evne til å lytte og leve seg inn i situasjonar, og på den måten skape tillit og gje råd og hjelp.



Praktisk og kreativ var han, og gav gjerne ei hjelpende hand der som det trøngst. Han var eit friluftsmenneske, og var glad i naturen og det som den gav. Han var tru mot kallet, klar i forkynnингa og pliktoppfyllande i tenesta han hadde.

Arbeidsmengda i prestegjeldet var stort. Han hadde fire kyrkjer å tene, og var åleine som prest. Likevel tok han seg tid til å besøke foreiningar, lag og institusjonar, og gjerne på privatbesøk saman med Ragnhild.

Gjennom si teneste og som privatperson har han betydd mykje for mange. Eit spesielt saksn blir det for kona Ragnhild og familien. Saknet blir også stort for dei mange som blei kjent med han.

Årsmøtefest – Vestnes kyrkjelyd

Tekst og bilete: Nils-Berge Sundfør



Måndag 6. februar inviterte Vestnes sokneråd til kyrkjelyden sin årsmøtefest på Vestheim ungdomssenter. Det var leiar i soknrådet, Nina Kvernmo, som ynskja velkommen.

Tomrefjord songlag med kantor og dirigent Jostein Maude, opna årsmøtefesten med smokebitar frå konsertprogrammet «Kyrkjesvisker».

Som første sak på årsmøtet gjekk Jostein Maude gjennom jubileumsprogrammet for kyrkja sitt 150 årsjubileum. Det hadde vore eit sterkt ynskje i jubileumskomiteen å markere jubileet med mange arrangement, mellom anna ei stor slagen jubileumsgudsteneste i september. «Eg sov lite siste natta», kunne Jostein fortelje der han takka både Tomrefjord songlag og Vestnes Musikklag og

ikkje minst tidlegare kantor Richard Powell som hadde arrangert alt til minste detalj til gudstenesta. «*Imponerande program gjennom året*», supplerte Nina Kvernmo. Og ein må heller ikkje gløyme jubileumsboka som er i sal. Boka er ei fin gåve, vert det peika på.

Årsmelding og rekneskap var neste sak. Nokre innspel og spørsmål kom fram, mellom anna var det ynskjeleg å få fleire friviljuge til å kunne gje ei handsrekning ved ulike arrangement.

Nina Kvernmo takka til slutt Ruth-Johanne Gjelsvik Bårdsnes, som no sluttar som regnskapsførar etter tre år, for jobben ho har gjort som kasserar for soknrådet.



Klokkar Kari frå Fiksdal takkar av etter 33 år

Av Tormod Lien

Det blir eit stort rom å fylle, når 79-årige Kari Nakken gir seg som klokkar etter 33 år i Fiksdal kyrkje. I samband med gudstenesta 1. juledag fekk ho velfortent merksemd, der både Kyrkjekontoret og Fiksdal sokneråd kom med gåver. Audmjuk takka Kari for all merksemd, no som ho var klar for å gje oppgåva til andre.

Kari sa ikkje ja til å vere klokkar første gongen ho vart spurd. Ikkje andre gongen heller, men då ho seinare fekk spørsmålet, starta ho som klokkar i 1989.

Takksam klokkar takkar av

Klokkarolla i kyrkja er sentral. Der har ho hatt ulike oppgåver som å følgje dagsorden og legge til rette for kva som skal skje, om det er dåp, konfirmasjon, nattverd eller andre hendingar. Ho har alltid likt å pynte litt, for det skal kjennest godt for folk å komme til kyrkja, seier ho.

Kari Nakken fortel at ho set pris på at ho vart takka for lang og tru teneste av soknerådsleiar Thor Ringsby, kyrkjevejer Olav Egil Tomren og han som tek over jobben etter Kari, Ivar Magne Bergheim.

Ny mann inn i klokkarolla

- Eg overlet stillinga i trygge hender og føler det er ekstra godt at det er nettopp Ivar Magne som no tek over, seier Kari Nakken frå Fiksdal.

- Eg er oppvaksen med kyrkja og bedehuset, og kjenner godt til både oppgåver og rutiner. Eg er audmjuk, både for å overta etter ei som har tent kyrkja og folket på ein slik framifrå måte som Kari har gjort, men også for å gjere ei teneste i Guds hus og for kyrkjelyden, fortel nyklokkanen Ivar Magne Bergheim.



Kyrkjevejer Olav Egil Tomren og soknerådsleiar Thor Ringsby takkar Kari Nakken for lang og tru teneste som klokkar i Fiksdal kyrkje. Foto: Ivar Magne Bergheim.



Kari på heimebane saman med sin gode mann Harald Nakken (83). Foto: Tormod Lien

Kyrkjeverja sitt hjørne

Vi har lagt bak oss ein vinter der også vår del av landet har fått merke ei auking i straumprisane. Berre i desember månad fekk vi ein total straumkostnad i kyrkjene våre på over kr. 100.000,-. Det ligg an til at straumkostnadane i år sannsynlegvis blir ein god del høgre enn i 2022. Kyrkjene har så langt ikkje kome under straumstøtteordninga frå departementet. KA, som er vår arbeidsgjeverorganisasjon, jobbar no aktivt inn mot departementet for å få gjennomslag for at også vi kan kome under den offentlege straumstøtteordninga. Dersom ikkje det skjer, kan det bli naudsynt med drastiske verkemidlar. Vi har alt no starta med å justere temperaturen i kyrkjene litt ned, og vi er bevisste på varmebruken i alle dei ulike romma i kyrkjene.

Vestnes kyrkje har fått skifta ut stoffet på alterringen, preikestolen og krakken, og vi er svært nøgde med resultatet. Det er også gjort ein del målingsarbeid på Vike kyrkje, og på uthuset ved kyrkja. Tresfjord kyrkje har fått seg lysglobe. Den er komponert, laga og gjeve av Odd Kjetil Løvik. Han har sete i kyrkja og fått

idear frå interiøret i kyrkja, så ein kan med rette seie at lysgloben er unik.

Til hausten skal det vere val til sokneråd og bispedømeråd. Valdagen er mandag 11. september, som er same dag som for kommunevalet og fylkestingsvalet. Det er høve til å førehandsstemme frå 10. august - 9. september. Det kan gjerast på Kyrkjekontoret. I år er det også mogeleg å førehandsstemme digitalt. Alle som har fylt 15 år i løpet av året, og er medlem av Den norske kyrkja, har stemmerett. Følg med i nasjonale og lokale media framover året for meir info.

Påska står for tur, og då er det mange gudstenester i kyrkjene våre. Eg anbefalar dykk opp og få oppleve bodskapen om Jesu død og oppstode til frelse for oss menneske, forkjent frå kyrkja sin talarstol.

God og velsigna påskehøgtid til alle våre lesarar.

Olav Egil

Salmesong og diktlesing i Vestnes kyrkje

Tekst og foto: Tormod Lien

"Vi rekker våre hender frem som tomme skåler. Kom til oss, Gud, og gi oss liv fra kilder utenfor oss selv". Dette er ein salme i den nye salmeboka på nr. 678, ein av ti salmar som vart sunge under ein konsert i Vestnes kyrkje, skriven av salmediktar Svein Ellingsen.



Etter 90 minutt med kyrkjekor, salmesong, kåseri, diktlesing og solosong, stilte alle aktørane opp til eit felles bilet, med Aud Bovim i spissen.

- Dette er den siste konserten i samband med fjorårets 150-års jubileum av kyrkja. Konserten vart utsett til denne kvelden, tredje mandagen i januar. Med det vil eg ønske alle kveldens aktørar og forsamlinga hjarteleg velkommen til ein kveld med liv og salmar som tema, - sa Håvard Skrede på vegne av Vestnes sokneråd.

Aud Bovim som var av dei første pionermisjonærane som reiste til Mali i 1981, leia kvelden med fleire aktørar, i tillegg til at ho fortalte mangt og mykje om den store salmediktaren. Han

levde frå 1929 til 2020. Ellingsen er representert i salmebøker i alle nordiske land, Tyskland, Austerrike, Sveits og USA. Med sine 43 salmar i salmeboka, er han ein av dei med flest salmar der.

Haram kyrkjekor med dirigent Mikael Wagner, dei to solistane Jens Aksnes og Edvard Orvik, Geir Jostein Flåm på eufonium, Kari Sørdal Hagen på fløyte, Jorun Bakke Orvik på piano og diktlesar Gunhild Bjørkhaug, skapte saman med Aud Bovim ein sterk salmesongkveld.

Misjonær Aud Bovim, som er svigerinna til vår eiga Signe Hellevik, hadde ei sterk og levande historie om salmediktaren. I diktlesing kom det fram at han i periodar sleit både fysisk og psykisk, men salmar var han ein meister i. Bovim hadde plukka fram 10 salmar skrivne av Svein Ellingsen, som dei nærmare 200 frammøtte fekk vere ein del av.

"Noen må våke i verdens natt. Noen må tro i mørket. Noen må være den svakes bror" var ein av salmane som vart sunge mot slutten av den sterke temakvelden i kyrkja.



Eit gledeleg gjensyn. Vår eiga Signe Hellevik saman med svigerinna Aud Bovim.

Kystpilgrimsleia – temakveld i Vestnes kyrkje

Tekst: Nils-Berge Sundfør

Onsdag 19. april arrangerer Undervisningsutvalet i Vestnes kyrkje temakveld om «Kystpilgrimsleia».

Denne kvelden kjem dagleg leiar ved Regionalt Pilgrims senter (RPS) på Smøla Ragnhild Godal og vil fortelje og samtale om Kystpilgrimsleia. Leia strekker seg frå Avaldsnes til Nidaros. Langs leia er det 4 regionale sentera, Avaldsnes, Bergen, Selje og Smøla. RPS Smøla har eit stort geografisk område og dekker Kystleias



Foto: Svein Magne Harnes, Møre bispedømmekontor.

strekning i Møre og Romsdal og Trøndelag. - Ei reise langs Kystpilgrimsleia skjer både i det ytre og «indre» landskap. Kva og kven ein pilegrim er, er opp til den enkelte å finne ut av.

- Pilegrim betyr «ein framand»; det er mange av oss som søker «heim» på eit eller annet vis. Det er viktig å utvide ordet pilegrim så det vert plass for alle. Det er fullt mogleg å reise som pilefrim langs Kystpilgrimsleia i dag, heile året. Og mykje spanande vil skje framover. Vi ser fram til temakvelden i Vestnes kyrkje 19. april kl. 19.00.



Foto: Nordmøremusea.

Slekters gang

Vestnes kyrkje

Døypte:

- 02.12. Oddny Fjærli Sekkenes
(døypt i Sekken kapell)
26.12. Leo Vik Brunvoll
19.02. Jonah Bjørkevoll Skavnes
(døypt i Tomrefjord kristne
forsamlingshus)
12.03. Oliver Letrud Wiik
12.03. Birk Halås Kjøpstad

Døde:

- 04.11. Torgeir Bøen
07.11. Bjørg Marie Johansen
19.11. Bjarne Øksenvåg
20.11. Sølvi Jane Nygård
22.11. Tormod Øvstegård
25.11. Kari Oddveig Lid Helle
28.11. Gerd Aas
04.12. Oliva Skavnes

23.12. Olaug Marie Isaksen

(gravl. Langevåg)

24.12. Berit Stokkeland

04.01. Arthur Dale

10.01. Marit Strand (gravl. Gursken)

12.01. Arne Ingvar Brunvoll

(gravl. Harøy)

01.02. Sigmund Angel Knudsen

04.02. Erling Aksel Gjerde

04.02. Bjørg Borchgrevink

25.02. Karoline Løken

01.03. Marie Løken

Vike kyrkje

Døde:

- 01.11. Arne Vike

Fiksdal kyrkje

Døypte:

- 22.01. Leonora Elvine Marken

Døde:

- 15.01. Ella Pickart
04.02. Marie Solveig Frostad

Beklagar at det ved ein feil stod
gravferdsdato som dødsdato på
nokre av dei døde i sist nummer.

Tresfjord kyrkje

Døypte:

- 15.01. Jonathan Hovland
26.02. Anton Hildre

Vågstranda kyrkje

(Ingen kyrkjelege handlingar i
denne perioden)

Gudstenester i Vestnes

Endringar kan komme, sjå oppdatert oversikt på heimesida til kyrkja: www.vestnes.kyrkja.no

02. april Palmesøndag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Vestnes kyrkje kl. 13.00

Høgmesse.

Takkoffer til Barnevakten.

06. april Skjærtorsdag

Vågstranda kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vike kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

07. april Langfredag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse.

Takkoffer til MF vitskapelege høgskole.

Stella Maris kl 16.00

Nattverdsgudsteneste.

09. april Påskedag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste.

Takkoffer til Israelsmisjonen.

Vestnes kyrkje kl. 13.00

Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til Misjonsprosjektet i Etiopia.

10. april 2. påskedag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til Kyrkjestova.

16. april 2. s. i påsketida

Vågstranda kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til Barnevakten.

26. april onsdag

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Ung messe. Vågstranda, Vike og Tresfjordkonfirmantar.

Takkoffer til KRIK Vestnes.

03. mai onsdag

Tomrefjord kristne

forsamlingshus kl. 18.00

Ung messe. Tomrefjordkonf.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

06. mai. Laurdag

Vestnes kyrkje kl. 10.30 og 12.30

Konfirmasjon Tomrefjord.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

10. mai onsdag

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Ung messe. Hellandkonfirmantar.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

13. mai Laurdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste, Helland, gruppe 1.

Takkoffer til KRIK Vestnes.

Vike kyrkje kl. 13.00

Konfirmasjonsgudsteneste.

Takkoffer til eige konfirmantarbeid.

17. mai Nasjonaldagen

Fiksdal kyrkje kl. 10.00

Gudsteneste.

Takkoffer til Laget NKSS.

Tresfjord kyrkje kl. 10.00

Gudsteneste. Takkoffer til barne og ungdomsarbeidet i soknet.

Vestnes kyrkje kl. 11.45

Gudsteneste. Takkoffer til Kirkens SOS M. og R.

Vike kyrkje kl. 11.30

Gudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Vågstranda kyrkje kl. 13.00

Gudsteneste.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Gudstenester i Vestnes

framhald fra side 15

20. mai laurdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste, Helland,
gruppe 2. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vågstranda kyrkje kl. 13.00

Konfirmasjonsgudsteneste.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

28. mai Pinsedag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse.

Takkoffer til Misjonsprosjektet i Etiopia.

Korsstøneset kl. 13.00

Friluftsgudsteneste.

29. mai 2. pinsedag

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Kveldssong. Takkoffer til Barnevakten.

31. mai onsdag

Fiksdal kyrkje kl. 18.00

Ung messe.

03. juni Laurdag

Tresfjord kyrkje kl. 10.30

Konfirmasjonsgudsteneste.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Fiksdal kyrkje kl. 13.00

Konfirmasjonsgudsteneste.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

11. juni 2. s. i treeiningstida

Vågstranda kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

18. juni 3. s. i treeiningstida

Øygardsbukta, Rekdal kl. 12.00

Friluftsgudsteneste.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

25. juni 4. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til Åkerlehaugen.

02. juli 5. s. i treeiningstida

Stall Kjersem kl. 16.00

Friluftsgudsteneste.

Takkoffer til Kirkens SOS M. og R.

09. juli Aposeldagen

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Vestnes kyrkje kl. 13.00

Høgmesse. Takkoffer til Samarbeid

Menighet og Misjon Møre.

16. juli 7. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til Misjonsprosjektet
i Nepal.

23. juli 8. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse.

Takkoffer til Kirkens Familievern.

Vågstranda kyrkje kl. 13.00

Høgmesse. Takkoffer til Mercy Ships.

29. juli Olsok

Tresfjord kyrkje kl. 15.00

Olsokgudsteneste.

Takkoffer til Kyrkjebladet.

06. august 10. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til Bibelselskapet.

13. august 11. s. i treeiningstida

Bårdsnesosen kl. 11.00

Friluftsgudsteneste.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

20. august 12. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste med presentasjon av
konfirmantar. Takkoffer til KRIK Vestnes.

Tresfjord kyrkje kl. 13.00

Gudsteneste med presentasjon
av konfirmantar.

Takkoffer til Kirkens Bymisjon.

27. august 13. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste m/l presentasjon av
konfirmantar. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vestnes kyrkje kl. 13.00

Gudsteneste med presentasjon av
konfirmantar, Vestnes og Tomrefjord.

Takkoffer til eige konfirmantarbeid

03. sept. Vingardssøndag

Vågstranda kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste med presentasjon av
konfirmantar. Takkoffer til Care.

Vike kyrkje kl. 13.00

Høgmesse.

Takkoffer til Kyrkjebladet.

10. sept. 15. s. i treeiningstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Hausttakkefest. Utd. av
4-årsbok. Takkoffer til Misjonsprosjektet.

17. sept. 16. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Hausttakkefest. Utd.
av 4-årsbok.

Takkoffer til IKO kirkelig ped. senter.

24. sept. 17. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Hausttakkefest.
Utd. av 4-årsbok.

Takkoffer til IKO Kyrkjeleg ped. senter.

01. okt. 18. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

Vike kyrkje kl. 13.00

Familiegudsteneste. Hausttakkefest.
Utd. til 2- og 4-åringar og 1. klasse.
Takkoffer til Misjonsprosjektet i Nepal.

08. okt. 19. s. i treeiningstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til Bibelselskapet.

15. okt. 20. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00. Høgmesse.

Takkoffer til Rådet for psykisk helse.

22. okt. 20. s. i treeiningstida

Vågstranda kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Hausttakkefest.

Utd. til 4-åringar og 5. klasse.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

29. okt. Bots og bededag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Felles misjonsgudsteneste for

alle 5 sokna i kommunen.

Takkoffer til Misjonsprosjektet.

05. nov. Alle helgensdag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Minnegudsteneste.

Takkoffer til Kirkens SOS.

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Minnegudsteneste.

Takkoffer til diakoniarbeidet i soknet.

Vestnes kyrkje kl. 13.00

Minnegudsteneste.

Takkoffer til diakoniarbeidet i soknet.

Vike kyrkje kl. 13.00

Minnegudsteneste.

Takkoffer til diakoniarbeidet i soknet.

Vågstranda kyrkje kl. 17.00

Minnegudsteneste.

Takkoffer til Kyrkjebladet.

12. nov. 24. s. i treeiningstida

Tomrefjord

kristne forsamlingshus kl. 11.00

Familiegudsteneste. Lys våken.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vestnes kyrkje kl. 13.00

Familiegudsteneste. Utd. til 5. klasse.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

19. nov. 25. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Lys våken. Utd. til
5. kl., frå Tresfjord, Vike og Vågstranda.

Takkoffer til utsmykking av kyrkja.

26. nov. Kristi Kongedag

Vågstranda kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Fiksdal kyrkje kl 13.00

Familiegudsteneste. Utd. til 5. kl.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vippsnr. for ofring:

Vestnes sokn: 108523

Vike sokn: 89676

Tresfjord sokn: 513574

Fiksdal sokn: 555355

Vågstranda sokn: 502022